



MØTEBOK

Tidspunkt: Søndag 19.09.21

Stad: E-post

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke, Randi Legård

Forfall:

Andre til stades på møte:

Saker til styremøtet

Sak 40/21: Tiltak for auka felling i jakta 2021

Sak 41/21: Utvida jaktid på villrein på Røldal Statsallmenning i jakta 2021

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/ Håkon Småbrekke/s/ Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Sak 40/21: Tiltak for auka felling i jakta 2021

Saksdokument:

- Anbefaling villreinkvote Hardangervidda 2021 endeleg 22.04.2021
- Villreinnemda - Tildeling av fellingskvote for villrein - 2021

Saksutgreiing (THH Tjemsland):

Torsdag 10. september 2020 vart det påvist ei positiv skrantesjukeprøve på ein vaksen bukk felt i Vinje kommune på Hardangervidda. Mattilsynet/Miljødirektoratet har etter dette gått ut og oppfordra sterkt til å få teke flest mogeleg prøver under ordinær jakt på Hardangervidda. Det blir spesielt peika på viktigheita av å få inn lymfeprøver frå alle felte dyr i tillegg til hjerneprøver.

Ut frå dette har villreinnemda vedtatt ein kvote på 8000 vakse dyr, samt ei utvida jakttid frå 10. august til 7. oktober. Villreinutvalet kjem også i si anbefaling med fleire andre tiltak for å auke fellinga. Frå Hardangervidda villreinutval si innstilling til anbefalt villreinkvote finn ein fylgjande forslag til tiltak:

«Samjakt: Alle vald oppfordres til å slippe inn jegar fra andre vald i perioder det eventuelt er få eller ingen egne jegere på valdet. Spesielt i siste halvdel av jakta bør det være rom for dette.»

Vurdering av lokale tiltak:

Det har kome opp forslag frå fleire hald om å gjere det lettare for jegearar å jakte på tvers av grenser. Å opne grenser mellom private og statsallmenningar er ikkje lett å få til, men statsallmenningane kan relativt enkelt opne sine grenser for å gjere det lettare å jakte i grenseområde. Erfaringsmessig så reiser ikkje jegearar langt vekk frå sine eigne jaktområde, men ein kan forvente noko effekt i grenseområde der ein kan gå inn på naboommenning for å jakte. I den situasjonen ein er inne i vil det vere viktig å vise vilje til å kome med tiltak for auka felling. Om ein får det store utbyttet av tiltaka er meir uvist, men ein har i alle fall vist vilje til å ta dei grepa som er mogelege på kort sikt.

Sakshandsamar vil føreslå fylgjande tiltak som vil omfatte Ullensvang, Røldal, Eidfjord og Øvre Numedal:

1. Alle som har utskrive jaktkort frå fjellstyret i ein av dei fire Statsallmenningane nemnd over kan nytte desse fritt på heile arealet til dei fire Statsallmenningane.
2. Alle fredningssoner opphevast ut jakta 2021.

Dersom dette skal fungere er det viktig at vedtaka vert gjort så enkle som råd og at dei er mogeleg å gjennomføre. Ein ber derfor fjellstyra tenke nøye gjennom eventuelle innskrenkingar og lokale tilpasningar som kan vanskeleggjere eit eventuelt samarbeid. Skal dette ha nokon som helst effekt må vedtaka gjerast no. Blir det mykje att og fram med ulike lokale tilpasningar vil tida fort gå frå oss. Det er sjølv sagt eit alternativ å utsetje opphevinga av fredningssonane ei stund, men dei bør opphevast før jakttida er omme.

Representantar frå dei fire fjellstyra har diskutert saka, og tar diskusjonen om samjakt vidare med sine respektive fjellstyre så snart som råd.

Vedtaka vert gjort med bakgrunn i den ekstraordinære situasjonen etter påvist CWD på Hardangervidda. Fjellstyra ynskjer med dette å bidra til auka felling i tida som står att av jakta. Med dette vedtaket opnar dei fire fjellstyra nesten 2000 kvadratkilometer for samanhengande jakt. Arealet strekker seg frå E134 i sør til Hardangerjøkulen i nord og Nore og Uvdal i aust.

Framlegg til vedtak:

1. Røldal Fjellstyre opnar for full samjakt med alle jegerar som har utskrive jaktkort frå fjellstyret i Røldal, Ullensvang, Eidfjord eller Øvre Numedal. Vilkåret for samjakta er at tilsvarande vedtak vert gjort av alle fire fjellstyra. Vedtaket vert gjeldande frå og med 21. september 2021 og ut jakta.
2. Jegerar som kan benytte seg av samjaktavtala, kan jakte fritt på heile arealet til Røldal Statsallmenning. Alle fredningssoner opphevast ut jakta 2021.

Referat:

Tor Helge: Er sakshandsamar, og støttar difor sjølvsagt framlegget til vedtak. Har snakka med alle fjellstyra på fredag 17.09. Representantane framstår som positive til tiltaket då det vil ha stor symbolsk verdi. Dei forskjellelege fjellstyra tar no diskusjonen kvar for seg. Tor Helge meinar dette tiltaket vil ha stor verdi då det visar samhald mellom fjellstyra, noko som vil vera enormt viktig i tida framover.

Håkon: Tok opp dette med utviding av grenser/samjakt i forskjellege former før jakta og att ein burde diskutera dette i god til før jakta. Dette har med forutsigbarheten til jegeren og disponering av ferie og fritid. Stiller seg bak vedtaket, men må diskutera dette etter jakta.

Vedtak:

1. Røldal Fjellstyre opnar for full samjakt med alle jegerar som har utskrive jaktkort frå fjellstyret i Røldal, Ullensvang, Eidfjord eller Øvre Numedal. Vilkåret for samjakta er at tilsvarande vedtak vert gjort av alle fire fjellstyra. Vedtaket vert gjeldande frå og med 21. september 2021 og ut jakta.
2. Jegerar som kan benytte seg av samjaktavtala, kan jakte fritt på heile arealet til Røldal Statsallmenning. Alle fredningssoner opphevast ut jakta 2021.

Samrøystes.

Sak 41/21: Utvida jaktid på villrein på Røldal Statsallmenning

Saksdokument:

- Høring villreinkvote 2021 forslag villreinutvalet.pdf

Saksutgreiing (THHT):

Fjellstyret gjorde følgjande vedtak i sak 22/21:

«5. Jakttida er fom 20. august kl 0700 tom 30. september kl 1900. Det er nåttefredning på Røldal SA fom 1900 til 0700. Dersom direktoratet fastset tidlegare jaktstart vil fjellstyret følge dette. Dersom jakta vert utvida ut i oktober vil fjellstyret i utgangspunktet ikkje følge dette.»

Utviding av jakta vart kort diskutert i plenum under jaktkortutdelinga. Det var då einigkeit om at Røldal Fjellstyre ikkje skulle utvida jakttida på Røldal Statsallmenning, om ikkje situasjonen tilsa at dette «var fornuftig».

Fellingsresultata ser, per dags dato, ut til å vera langt frå målsetninga sett av Miljødirektoratet/Mattilsynet. Dei andre fjellstyra på Hardangervidda har allereie vedtatt å utvide jakta. Det vil difor berre ha symbolsk verdi om Røldal FS vedtar å utvida eller ikkje. Effekten utvida jakt på Røldal vil ha på til dømes fellingsresultat, eller dyrevelferd, vil vera forsvinnande liten.

Med bakgrunn i dette finn sakshandsamar det mest «solidarisk» om Røldal Fjellstyre legg seg på same linje som dei andre fjellstyra på Hardangervidda. Med eit vedtak om utviding vil ein også ha gjennomført alle anbefalingane villreinutvalet har føreslått som tiltak for auka felling.

Ein finn i kvoteframlegget til villreinutvalet blant anna følgjande tiltak for å auka fellingsstala:

- **Jakttid**

Jakttiden anbefales utvidet til og med 7. oktober for å øke muligheten for at flere områder får dyr i jakta og bidra til nødvendig felling. En lenger utvidelse av jakttiden anbefales ikke av hensyn til gjennomføring av strukturtelling.

- **Samjakt**

Alle vald oppfordres til å slippe inn jeger fra andre vald i perioder det eventuelt er få eller ingen egne jegere på valdet. Spesielt i siste halvdel av jakta bør det være rom for dette.

Leiar sendte den 15. september ut ein mail til alle innanbygdsjegerane med fellingsløyve på Røldal SA i 2021. Dei vart der gjeve ein frist fram til 19. september kor dei kunne kome med sine synspunkt angåande utviding av jakttida. Leiar har mottatt 7 tilbakemeldingar som støttar argumenta for utviding av jakta, og 0 tilbakemeldingar mot utviding av jakta.

Fjellstyret kontakta i vår alle tilgrensande val med førespurnad om samjaktavtale. Per no har fjellstyret full samjakt med HA290 og ein avgrensa samjaktavtale med Ullensvang FS

(HA281/HA282). Leiar ber om fullmakt til å inngå nye, eller meir omfattande, samjaktavtalar på kort varsel om dette vert aktuelt.

Framlegg til vedtak:

- Røldal Fjellstyre opphevar punkt 5 i vedtak 22/21 som omhandlar jaktreglar på Hardangervidda.
- Røldal Fjellstyre vedtar utvida jakttid for villrein innanfor Røldal Statsallmenning fram til og med 07. oktober 2021. Det vert nåttefreding på Røldal Statsallmenning frå og med kl 23:00 til 01:00.
- Leiar får fullmakt til å inngå samjaktsavtalar med andre jaktvald innanfor jakttida for reinsdyr.

Vedtaket er gjort med hjemmel i fjellovens §§ 23 og 24.

Referat:

Tor Helge: Er sakshandsamar, og støttar difor sjølvsagt framlegget til vedtak. Føreslår å fjerne absolutt alle avgrensingar i jakttid og liknande. Det å til dømes fjerne nåttefredinga vert av underteikna rekna som uproblematisk. Det er jegeren sjølv som er ansvarleg for at jakta vert gjennomført på ein trygg og sikker måte. Ein kan soleis ikkje jakte om nettene likevel. Endringane i framlegget til vedtak vil medføre at fjellstyret har gjennomført absolutt alle tiltak som kan tenkast å ha positiv effekt på fellingsstala.

Leiar ber om fullmakt til å få inngå absolutt alle samjaktavtalane som er moglege. Dette vert vurdert til å vera symbolsk tiltak, og leiar kan ikkje sjå at dette skal medføre noko auka jegerkonsentrasjon, eller andre ulemper, på Røldal Statsallmenning. Leiar ynskjer til dømes å tilby Røldal Storvald (HA300) full samjakt den resterande delen av jakta. Problema rundt usikkerheten til avgrensinga av valdet vert rekna som uproblematisk i denne samanheng, då det er svært usannsynleg at det vert jakta på dette valdet i denne delen av jakta.

Vedtak:

- Røldal Fjellstyre opphevar punkt 5 i vedtak 22/21 som omhandlar jaktreglar på Hardangervidda.
- Røldal Fjellstyre vedtar utvida jakttid for villrein innanfor Røldal Statsallmenning fram til og med 07. oktober 2021. Det vert nåttefreding på Røldal Statsallmenning frå og med kl 23:00 til 01:00.
- Leiar får fullmakt til å inngå samjaktsavtalar med andre jaktvald innanfor jakttida for reinsdyr.

Vedtaket er gjort med hjemmel i fjellovens §§ 23 og 24.

Samrøytes.